

NORGES BONDELAG 1896-1996 <sup>110508</sup>



*Olav Rovde*

**I kamp for  
jamstelling  
1896-1945**

Landbruksforlaget

B. ARUM 1951 OT 100

# Okkupasjonsåra: brot og samanhengar i organisasjons- og næringsutvikling

Dei fem okkupasjonsåra representerer på mange måtar eit brot, ein parentes, i norsk historie. Den tyske hærtakinga og innpassinga av norsk økonomi i tysk krigsøkonomi skapte spesielle og «unormale» vilkår for politisk og næringsøkonomisk arbeid – som både bondeorganisasjonane og bøndene fekk kjenne verknadene av. Brotet med fortida var sterkast på det politiske og organisatoriske området. Gjennom nazifiseringa vart Bondelaget, i lag med ei rekke andre organisasjonar, «nyordna» og oppløyst, og måtte starte på nytt i 1945.

Men krigsåra representerer også kontinuitet og samanhengar. Utviklings-  
trekka gjennom desse fem åra hadde røter i 30-års historie, og dei skapte nye vilkår både for organisasjon og næring. Derfor kan vi ikkje berre sjå på okkupasjonstida som ein særperiode, men som ein del av utviklinga av norsk historie som føyer mellomkrigstida til etterkrigstida.

## Tilpassing og motstand

Det tyske åtaket var i første omgang eit lammande slag mot alt normalt organisasjonsarbeid i Bondelaget. Mellbye var på Grefsheim invasjonsgdagen, og han kom seg ikkje til Oslo før i andre veka av mai. I mellomtida kunne han følgje med i korleis tyskarane rykte nordover i jakta på konge og regjering. Indignasjonen over den tyske bombinga var blanda med otte for dei to sønene som melde seg til krigsteneste, og deltok i kampane mot tyskarane dei første vekene.<sup>1</sup>

Bortsett frå ein kort proklamasjon over Hamar radio 16. april, der han oppmoda bøndene om å slutte opp om konge og regjering og arbeide som før med våronna,<sup>2</sup> kunne ikkje formannen gjere mykje for organisasjonen før han kom til Oslo 7. mai. På hovudkontoret drøfta ei gruppe tillitsmenn rundt Dietrichson korleis laget skulle stille seg til Quislings sjølvutnemnde regjering og til Administrasjonsrådet.<sup>3</sup> Dosent Rasmus Mork skreiv under på vegner av Bondelaget – utan føregåande drøftingar med andre i organisasjonen – oppropet som næringsorganisasjonane og Landsorganisasjonen sende ut med støtte til Administrasjonsrådet. 16. april sende eit amputert styre i Bondelaget, leidd av professor Olav Moen, ut ei eiga støtteerklæring til rådet.<sup>4</sup>

Både skipinga av Administrasjonsrådet, som stilte seg i spissen for sentraladministrasjonen i dei okkuperte delane av landet, og dei seinare riksrådsforhandlingane var uttrykk for ei tilpassings- og samarbeidslinje overfor dei tyske okkupantane. Kamplinja som kom til uttrykk gjennom den militære motstanden, vart ført vidare av regjeringa, som saman med kongefamilien reiste i eksil til London i byrjinga av juni. Men i opinionen i Norge var det ingen sterke motstandshaldningar våren og sommaren 1940. Arbeidet med å få til ei eller anna form for sameksistens med dei som sat med den fysiske makta, for å hindre at samfunnsmaskineriet braut saman, hadde etter alt å dømme brei støtte. Gjennom riksrådsforhandlingane vart det lagt opp til eit meir permanent politisk organ som kunne fylle tomrommet som opna seg etter at dei gamle politiske institusjonane, regjering, Storting og partia, var ute av biletet.

Det er på bakgrunn av desse ynska om tilpassing og sameksistens vi må vurdere politikken til Bondelaget sommaren 1940. Samstundes gav dei nye politiske vilkåra opningar for at organisasjonen kunne realisere gamle programkrav i samarbeid med dei nye maktthavarane.

Brotet i riksrådsforhandlingane i september skapte ein ny politisk situasjon.

Frå no av vart samarbeid med Nasjonal Samling einaste vegen til «fridom og sjølvstende» for Norge, som Terboven uttrykte det i den skiljesetjande talen sin 25. september. NS fekk frie hender til å realisere programmet sitt om eit riksting og eit kulturting bygt på ei vidtgåande omorganisering av yrkes- og næringsorganisasjonane.

Denne utviklinga endra vilkåra for samarbeid og tilpassing radikalt. Av alle organisasjonar var det Bondelaget som først og sterkast vart sett under press for å ta del i nyordninga av det politiske styret. Det stilte laget overfor eit lagnadstungt val: Kor langt skulle det gå med å innordne seg i dei nye maktforholda? Samarbeid kunne gje innverknad, men ein risikerte samstundes å bli eit instrument for dei nye makthavarane. Dette dilemmaet skapte omfattande og langvarige diskusjonar og tautrekkingar hausten 1940 og våren 1941 – før organisasjonen vart splitta og nazifisert gjennom ei rekkje maktovergrep.

### *Gamle programlinjer under nye maktforhold*

Det var først då Mellbye kom til hovudstaden i første delen av mai, at dei sentrale organa kom i meir normalt gjenge. Alt i mars hadde arbeidsutvalet avlyst det årlege landsmøtet. I staden vart det kalla inn til delegertmøte i Trondheim om sommaren. No måtte også dette avlysast. Men landsstyret møttest i Oslo 20. juni. Her bad Mellbye om avløyning som formann.<sup>5</sup> I 1940 var han 74 år gamal og hadde sete i leiarstillinga samanhengande sidan 1909. Helsa hans byrja å skranke – og særleg var den dårlege høyrsele hans svært plagsam. Sommaren 1940 var likevel ikkje noko godt tidspunkt for eit skifte. Det stod heller ikkje klar nokon opplagd etterfølgjar som kunne gje leiinga den autoriteten som Mellbye hadde overfor bøndene landet over. Derfor let han seg overtale til å bli sitjande.

Under hans leiarskap heldt også den store tilstrøyminga til organisasjonen fram. Frå 1. mai til 1. november vart det registrert 1000 nye medlemmer. Den samla medlemsmassen nådde dermed 58 000.<sup>6</sup> Derimot svikta kontingentinnbetalinga. Det hang saman med den uvissa som etter kvart breidde seg i organisasjonen.

Lagsverksemda starta opp att i mai–juni. Arbeidet for å få gjennomslag for krava i programmet heldt fram, men det var modifisert av den nye situasjonen. Liksom Småbrukarlaget oppmoda Bondelaget medlemene sine om å halde oppe og auke matproduksjonen. Behovet for større matproduksjon gav Småbrukarlaget grunn til å understreke dei tradisjonelle krava sine: jordspørsmålet, gjeldsproblema og billigare tilgang på driftsmiddel til småbruka.<sup>7</sup>

Bondelaget framheva lønsemda for bøndene som eit avgjerande vilkår for å halde jordbruksproduksjonen oppe. Behovet for prisheving vart understreka både overfor Administrasjonsrådet og overfor tyske styresmakter. Då Reichs-

kommissariat bad om eit oversyn over jordbrukspolitikken, sende kontoret i Bøndenes Hus over eit notat der ein la vekt på jamstillingskravet.<sup>8</sup> På førehand hadde arbeidsutvalet granska prissituasjonen i Tyskland. I eit skriv til landsstyret kunne utvalet slå fast at bondenæringa hadde fått ein meir framskoten plass i Det tredje riket, og at prisnivået var høgre der enn i Norge.<sup>9</sup> Utover seinsommaren vart det sendt fleire krav til Administrasjonsrådet om prisheving, og i juli bad organisasjonen om ein generell auke på 20 %.<sup>10</sup>


Bondelaget prøvde på denne måten å føre vidare pris- og jamstillingspolitikken. Maktmiddeldiskusjonen måtte derimot leggjast bort. Likevel vart debatten om korleis organisasjonen og bondenæringa kunne få større politisk innverknad, nya opp att.

I juni laga linjekomiteen, som var leidd av Mellbye, eit utkast til ei korporativ nyordning under eit «Norges Næringsråd». Utkastet, som saman med prinsippprogrammet frå 1938 vart omsett til tysk, bygde på planane og utgreiingane frå trettiåra, både dei tankane som var framme i samband med blokk-forhandlingane i 1934, og skissene om organisasjonsforholda i jordbruket som vart utarbeidde i slutten av tiåret. Bondelaget eller «Bondesambandet»<sup>11</sup> skulle representere landbruket og utvidast med representantar for landbruksarbeidarane og småbrukarane. Framlegget innebar at både Småbrukarlaget og Skog og Land måtte oppløysast, i alle fall i den forma dei hadde,<sup>12</sup> medan Norges Skogeierforbund, omsetningsorganisasjonane og jordbrukssamvirket skulle knytast direkte til «sambandet». Denne samleorganisasjonen for landbruket skulle saman med hovudorganisasjonane for dei andre næringane utgjere Norges Næringsråd. Eit sideordna kulturråd skulle ta vare på dei kulturelle interessene.<sup>13</sup>

Kvifor tok Bondelaget opp att desse planane no?

Sommaren 1940 opna det seg eit politisk vakuum i Norge. Stortinget var oppløyst, dei gamle stortingspartia spelte inga sentral rolle, og regjeringa hadde «rømt» landet. Hos leiande bondelagspolitikarar breidde det seg ei oppfatning – som vi også finn i andre krinsar – om at Norge stod framfor eit tidsskilje. Kva som enn hende, hadde det «gamle» styret falle, og noko nytt var i ferd med å ta over. Det «Norge som var før 9. april kommer aldri tilbake», sa Asmund Enger i ein tale på landsmøtet til bondekvinnene i juli. «Likeså ser vi nu klarene enn før, at ikke alt var bra her hos oss. Det er slik at Vårherre av og til bruker ild og hammerslag for å skille folkesjelen av med slagg.»<sup>14</sup> Etter okkupasjonen var det mange som vende forbitringa mot regjeringa, Stortinget og stortingspartia fordi dei hadde svikta – ikkje minst når det galdt å ta vare på forsvaret. Den tyske hærtakinga vart derfor sedd på ikkje berre som eit militært nederlag, men også eit politisk. Veikskapane ved det «gamle» systemet var avslørt. 9. april var «forhåpentlig dødsdagen» for «et elendig og misbrukt demokrati», skreiv Mellbye i dagboka si.<sup>15</sup>

Nederlaget for det «gamle» systemet kalla på nytenking. I denne samanhen-



Skisse over organisasjonsutbygging i landbruket som linjekomiteen i Bondelaget utarbeidde sommaren 1940

gen var det naturleg å ta fram att det alternativet organisasjonen hadde drøfta tidlegare: å gje næringane, næringsorganisasjonane og næringslivsmennene større direkte innverknad over statsstyret. Sjølv om tanken om eit næringsting kom i bakgrunnen etter 1934–1935, var spørsmålet stadig framme i dei interne debattane i organisasjonen, særleg i linjekomiteen, og det var kopla til planane om ei organisatorisk samling av landbruket under Bondelaget.

Likskapen mellom skissa til linjekomiteen og programmet til Nasjonal Samling var påfallande. Sommaren 1940 var det mange i organisasjonen som ynskte å alliere seg med NS og byggje ut det ideologiske felleskapet dei meinte fanst mellom bonderørsla og nasjonalsosialismen. Dette galdt særleg krinsar rundt sentralleiinga i Oslo: tilsette ved hovudkontoret, fleire av representantane i arbeidsutvalet og i styret og mange bønder på Austlandet. Nett desse krinsane fekk ekstra stor innverknad sommaren og hausten 1940.

I tillegg var det mange i Bondelaget som hadde eit positivt syn på næringspolitikken og den nasjonalsosialistiske bondereisinga i Tyskland. Det galdt blant andre formannen. Mellbye var sterkt orientert mot tysk åndsliv og kultur, og hadde fleire gonger vitja landet i 30-åra. I 1939 var han ein av dei få nordmennene som vart invitert til Hitlers 50-årsdag.<sup>16</sup> Nestformannen Asmund Enger hadde studert i Tyskland, og var godt kjend med forholda i landet. Bondelaget hadde også utveksla gjesteutsendingar med sentralorganisasjonen til dei tyske bonde- og jordbruksarbeidarorganisasjonane, Reichnährstand. Dette var ein korporativt oppbygt fellesorganisasjon som stod direkte under Reichsbauernführer Walter Darre. I 1936 leidde Mellbye ein delegasjon frå Bondelaget som var på ei rundreise i Tyskland som gjester for Reichnährstand. I fleire år var elles Christopher Fougner representant på bondedagane i Goslar, og skreiv fylldige referat til Bondelaget med rosande vurderingar av korleis jordbrukspolitikken var bygt opp der.<sup>17</sup>

Etter 9. april fekk bondelagsleiinga mange signal om at tyske styresmakter ville «legge hele statsforfatningen an etter bondestandens innstilling».<sup>18</sup> I samtalar Mellbye hadde med tyske politikarar, vart han ofte forsikra om at både Bondelaget og jordbruksnæringa ville tene på eit samarbeid. Tyske planar om å gjere Norge til eit råvareproduserande land der jordbruket skulle få ei sentral stilling, verka dessutan tiltalande og samsvara på mange måtar med det synet både Mellbye og andre i organisasjonen hadde på næringspolitikken.

Slik kunne antiparlamentariske tradisjonar, gamle korporative planar og førestellingar om ideologisk og kulturelt fellesgods med nasjonalsosialismen sameinast med voner om økonomisk framgang for jordbruket – i tråd med jamstillingspolitikken. Men det fanst også mange trugande trekk ved utviklinga våren og sommaren 1940.

I slutten av april vart *Bondelaget* oppretta som ei fagleg avdeling i NS, med den aktivistiske og pågåande dyrlækjaren Steinar Klevar som leiar. I NS



«Bondens yrke -  
Folkets styrke»



# Møte

i \_\_\_\_\_  
\_\_\_\_\_ dag den \_\_\_\_\_ kl. \_\_\_\_\_

Tale av  
BONDELAUGETS leder

## Steinar Klevar

og \_\_\_\_\_

**M U S I K K**  
**INGEN ENTRE**

*Møteplakat for Bondelaugget. Nasjonal Samlings Rikstrykkeri, foto Tom B. Jensen, Røyken*

var «lauga» tenkte som korporative grunnlag for det planlagde rikstinget, og Klevar starta sommaren 1940 ein kampanje for å rekruttere gardbrukarar og landbruksarbeidarar til den nye organisasjonen. Kampanjen vart følgd opp med beisk kritikk av dei gamle landbruksorganisasjonane.<sup>19</sup> Klevars primære mål var å utkonkurrere Bondelaget – eller å sluke det. Sjølv om det ikkje var semje om dette korkje i laugget eller i hovudpartiet, representerte Klevar ein trussel.



Det var heller ikkje klart korleis dei tyske styresmaktene ville stille seg til Bondelaget og organisasjonsforholda i jordbruket. Dr. Richert, leiaren for ernærings- og landbruksavdelinga i Reichskommissariat, reiste sommaren 1940 rundt til ei rekkje bondeleiarar, blant andre Mellbye, Hundseid og Leirfall, og gav då motstridande signal. Både Mellbye og Leirfall vart oppfordra – og truga – til å føre Bondelaget inn i samarbeid med dei tyske makthavarane og med NS. Hundseid vart derimot tilboden formannsvervet i eit nytt bondesamband som tyskarane ville opprette i staden for Bondelaget.<sup>20</sup>

I løpet av august og byrjinga av september vart situasjonen meir avklara. Riksrådsforhandlingane gjekk mot krise, og dørene var i ferd med å opne seg for NS. Alt før samanbrotet fekk Bondelaget presentert utsiktene framover – både frå tyske tenestemenn og NS.<sup>21</sup> Laget kunne bli samleorganisasjon for landbruket, gjennom samanslåing med Småbrukarlaget og eventuelt også Skog og Land, på vilkår av lojalt samarbeid med styresmaktene. Den 4. september fortalde Olga Bjoner «nogen av sine hemmeligheter» til Mellbye. Bjoner tilhørde på denne tida den inste krinsen rundt Quisling, og hadde nære kontaktar til dei tyske styresmaktene i Norge. Det var Hitlers vilje, sa ho, at Quisling skulle bli, om ikkje statsminister, så i alle fall leiar av eit nytt norsk styre. Landet skulle få sjølvstendet tilbake, og styret skulle byggje på bondesamfunnet. På spørsmål frå Mellbye om Bondelaget ville bli underlagt Bondelaget, svara ho nei. Bondelaget – med Mellbye som leiar – hadde sjansen til å bli sentralorganisasjonen for landbruket – om laget ville samarbeide med partiet.<sup>22</sup>

Det var denne kombinasjonen av press og forlokkande utsikter som førte Bondelaget inn i forhandlingar med NS etter systemskiftet i september. Valet, slik det fortøna seg i dei leiande organa, stod mellom å delta for å få innverknad, eller å risikere at NS bygde opp ein heilt ny bondeorganisasjon med tysk støtte. For dei aller fleste i dei leiande organa i laget gav svaret seg sjølv. Det var ikkje berre om å gjere å stoppe Bondelaget, men no opna det seg også utsikter til å realisere det gamle programmet om å samle landbruket under ein organisasjon. Den 19. september, då krisa i riksrådsforhandlingane var eit faktum, la linjekomiteen fram eit nytt utkast til utbygging av Bondelaget som grunnlag for eit næringsråd, og arbeidsutvalet sette ned to komitear for å arbeide vidare med desse spørsmåla. Dessutan fekk plankomiteen i oppdrag å lage ein treårsplan for ei sjølvbergingslinje i Norge, og ungdomsnemnda vart beden om å utforme retningslinjer for nasjonalkulturelle tiltak.<sup>23</sup>

For mange var omsynet til den politiske utviklinga avgjerande. Hausten 1940 var det ei godt etablert haldning i Bondelaget at eit norsk styre som kunne hindre at landet vart gjort til eit tysk protektorat i eit germansk storrike, berre kunne byggjast opp kring Nasjonal Samling. Den fremste talsmannen for dette synspunktet var Lars O. Aukrust, landbruksskolestyrar frå Alvdal og medlem i landsstyret frå 1935.<sup>24</sup> Han fekk ei sentral stilling i dei forhandlingane

som tok til, og han vart ein av dei fremste advokatane for samarbeid med NS.

For å skjone bakgrunnen for den kursen Bondelaget valde, må vi ha i mente situasjonen i Norge sommaren og hausten 1940. Enno hadde det ikkje manifestert seg sterke motstandshaldningar i opinionen. Forholdet til okkupasjonsmakta var heller prega av defaitisme og nederlagsstemningar. Etter den raske nedkjempinga av Frankrike i midten av juni fekk Tyskland ei dominerande maktstilling i Europa. Få trudde i 1940 at England kunne hamle opp med den tyske militærmaskinen. I alle fall tydde alt på at krigen kom til å dra i langdrag, og at tyskarane kom til å bli ståande i landet i lang tid framover. Denne utviklinga styrkte samarbeids- og tilpassingslinja. Administrasjonsrådet innleidde alt i april eit nært økonomisk samarbeid med tyskarane. Gjennom riksrådsforhandlingane som starta i juni, prøvde ein å utvikle eit politisk samarbeid som førte denne tilpassingslinja vidare. Like etter den franske kapitulasjonen 17. juni godtok presidentskapet i Stortinget, som leidde den norske forhandlingsdelegasjonen, å avsetje regjeringa og suspendere kongen for å få til eit riksråd som tyskarane kunne godta. Avrøystingane om kongehuset i stortingsgruppene til partia 10. september viste at det berre var Venstre, Høgre og Kristeleg Folkeparti som hadde fleirtal mot suspensjon. I Arbeidarpartiet ville fleirtalet også avsetje kongen. I Bondepartiet var røystetala her 8 mot 8. Brotet kom då tyskarane ville gje NS ei sentral stilling i Riksrådet.

Bondelagsleiinga gjekk mot å ofre kongehuset. I juli og august sende organisasjonen fleire skriv om dette både til presidentskapet og Reichskommissariat, og Mellbye kontakta den tyske sjefsforhandlaren Delbrügge. Om ikkje kong Håkon kunne halde fram, bad han om at kronprins Olav eller prins Harald tok over som regentar.<sup>25</sup> Derimot var Mellbye vonbrotten over at dei norske forhandlarane ikkje kunne godta dei siste tyske krava i september om større NS-representasjon i det påtenkte Riksrådet.<sup>26</sup>

Brotet i riksrådsforhandlingane skapte eit vegskilje når det galdt haldningane til samarbeid og tilpassing. Men framleis kunne det vere vanskeleg å sjå korleis vegane skulle stakast opp framover. Den 19. september vart Mellbye oppsøkt av ein delegasjon frå NS som opplyste at LO vurderte «å slutte seg til NS».<sup>27</sup> Opplysningane skreiv seg frå det arbeidet som den såkalla Fagopposisjonen hadde drive. Dette var ei gruppe som stod i opposisjon til leiinga i fagorganisasjonen og Arbeidarpartiet, og som i slutten av august hadde gått inn for samarbeid med NS for å skape eit nytt politisk styre i landet. Fagopposisjonen gjekk i oppløysing då riksrådsforhandlingane braut saman, men leiaren, Jens Tangen, tok etter sterkt tysk press over formannsstillinga i LO 28. september. Saman med eit nytt styre måtte han love å drive organisasjonsarbeidet «strengt faglig uten politisk karakter» og i «forståelse med» Nasjonal Samling og tyske styresmakter.<sup>28</sup>

Det var likevel Bondelaget som vart utsett for det sterkaste presset. Behovet

for ro i arbeidslivet gjorde at fagrørsla stort sett fekk vere i fred for NS. Partiet sette derimot alt inn på å vinne til seg bonderørsla, og Bondelaget måtte først av alle organisasjonar ta konkret stilling til den nye politiske situasjonen der NS var tildelt ei hovudrolle. I september var det vanskeleg å vite for visst kva eit slikt samarbeid ville innebere.

Men som Jon Leirfall skriv, «motstandsmuren var låg på somme stader» i bonderørsla.<sup>29</sup> Slektskapen mange kjende med NS og Tyskland, gjorde partiet til ein freistande samarbeidspartnar. Mellbye såg også denne slektskapen, og han gav fleire gonger sommaren og hausten 1940 uttrykk for det. Men samstundes var han skeptisk til partiet, eller delar av det, og korkje han eller Dietrichson såg på Quisling som nokon stor politisk førar. Sommaren 1940 avviste begge alle samarbeidsutspel som kom frå NS. I staden for å satse på Quisling tok bonde- lagsleiinga opp att tanken om å få til eit borgarleg «riksparti», men dette alternativet var endå mindre realistisk sommaren 1940 enn det hadde vore i 30-åra.<sup>30</sup>

På seinsommaren kom Mellbye i tvil når det galdt forholdet til NS, og han vakla mellom motstridande haldningar. NS-delegasjonen 19. september rådde han «inntrengende» om å samarbeide: Slik situasjonen var i ferd med å utvikle seg, fanst det ikkje noko alternativ. Igjen avviste formannen og arbeidsutvalet denne invitten – fordi dette «netop nu kunde få karakteren av bakholdsarbeide mot B.p.». Dagen etter hadde Mellbye ein samtale med Tormod Hustad, leiareren av Bøndernes Bygningskontor, som «bad mig rent å gå inn i NS». Det nekta han, men han lovde likevel å «arbeide for kontakt». Han var ikkje overraska då Terboven sette bom for riksrådsforhandlingane 25. september, oppløyste alle partia utanom NS og innsette det kommissariske statsrådet. Men han mislikte talen sterkt og karakteriserte den som «simpel og hoverende». Den 26. september vart han oppsøkt av Richert, som oppmoda Bondelaget om å innta «en helt loyal holdning til N.S.» med sikte på å gå inn i partiet og «danne stammen i den bondesamling», som i den nye staten skulle samle alle bondefolk «store som små». Då Mellbye ville forhøyre seg om Bondelaget, fekk han ingen klare forsikringar; Richert drog «bare på skuldrene». Men han tolka det slik at både tyskarane og NS «er kommet til det resultat at de ikke godt kommer utenfor oss», og at «tyskerne i allfall mener at Bondelaget ikke er noe å bygge på. Men vi må vel ta dem inn i tilfelle».<sup>31</sup> I arbeidsutvalet var stemningane no «meget excited». Som svar på samarbeidsutspelet frå NS 19. september opnemnde utvalet ein delegasjon, sett saman av formannen, Enger og Dietrichson, som møtte Quisling, Klevar og den nye landbruksministeren, Thorstein Fretheim, den 27. september. Her vart det avgjort å starte forhandlingar, og arbeidsutvalet peika ut forhandlingsdelegasjonen frå Bondelaget seks dagar seinare. Den einaste som stritta imot og var negativ, var Dietrichson. Men generalsekretæren vart overkøyrd i denne innleiande fasen.<sup>32</sup>

## Kampen om Bondelaget

Det var overtydde tilhengjarar av eit samarbeid med NS som vart valde inn i forhandlingsutvalet 3. oktober.<sup>33</sup> Utvalet fekk også eit vidt mandat. Bondelaget skulle ikkje «uten vidare» ta plassen til Bondelauget, men organisasjonen «kan legges til grunn og tilpasses som fagorganisasjon etter linjer som er nødvendige for å samsvare med de nye oppgåver». Det vart også gjeve grønt lys for å delta i oppbygginga av eit riksting, «da det ligger meget nær vår gamle linje om næringsråd».<sup>34</sup> Det første var eit vilkår Mellbye la vekt på i eit notat han arbeidde ut for utvalet. Her understreka han også at Bondelaget ikkje måtte vere med på å opprette eit riksting «som landets eneste nasjonalforsamling» utan ved «et lovpåbud» som omfatta alle næringsorganisasjonane. Rikstingsdiskusjonane burde derfor ikkje vere tema i drøftingane.<sup>35</sup>

Forhandlingane kom også til å dreie seg om den faglege oppbygginga av Bondelaget og om forholdet til NS. Her opna mandatet for eit tett samarbeid – nett det NS ynskte. Etter nokre få møte vart det forhandla fram eit avtaleutkast som heilt frå starten førte organisasjonen i hendene på partiet. Utkastet inneheldt ei lojalitetsfråsegn til NS. Partiet skulle ikkje berre ta den plassen Bondepartiet hadde hatt som spesiell samarbeidspartnar, men laget og bondefolket skulle støtte det statsberande partiet i arbeidet for «frihet og selvstendighet». På den andre sida vart Bondelaget lova hjelp til å byggje ut organisasjonen. Gjennom lov eller forordning skulle alle som «arbeider i bondeyrket» gå inn i eit Norges Bondesamband. Framlegget inneheldt vidare ein organisasjonsplan der eit «bonderåd» skulle vere rådgjevande organ for statsstyremaktene.<sup>36</sup>

Avtaleutkastet gjekk oppsiktsekkjande langt. Då det kom attende til drøfting i organisasjonen, byrja motførestellingane å melde seg, og under landsstyremøtet i slutten av oktober vart det utarbeidd ei rekkje endringsframlegg. Det som uroa mange, var faren for at Bondelaget skulle bli eit underbruk av NS. På landsstyremøtet vart derfor lojalitetsfråsegna til partiet noko dempa, men det var alt. Debatten vart prega av tilhengjarane for samarbeid. Lars Aukrust målbar hovudforsvaret for avtaleframlegget: Bondelaget kunne no plasserast «som ledd i den nye tids samfunnshusholdning». Alle som sokna til landbruket, kunne endeleg samlast i *ein* organisasjon, og denne organisasjonen ville få «større innflytelse over statsmaktenes stilling til landbruksspørsmålene» enn nokosinne. Den politiske situasjonen gjorde det nødvendig å støtte NS – som han elles meinte hadde det beste programmet som nokon gong hadde «sett dagens lys». Opposisjonen på møtet, leidd av Leirfall, G.A. Hegrenes og Marta Linge,<sup>37</sup> var svak, og ei prøvevotering viste at ingen gjekk inn for å bryte forhandlingane. Det modererte forhandlingsmandatet skilde seg heller ikkje vesentleg frå det opplegget organisasjonen hadde i startfasen.<sup>38</sup>

Det skjedde likevel to ting som var viktige for etableringa av ei motstandslinje. For det første vart det avgjort at representantskapet skulle innkallast i midten av november for å ta endeleg stilling til ein avtale. Ved denne utsetjinga fekk opposisjonen betre høve til å påverke debatten. For det andre vart det sett ned ein ny forhandlingskomité som var mindre entusiastisk til å samarbeide med NS.<sup>39</sup> Særleg vart motførestellingane målborne av Jon Leirfall. Men både han og resten av komiteen var i startfasen etter alt å dømme innstilte på å kome til ei ordning med partiet.

Debatten om kursen til Bondelaget hausten 1940 vart ein kamp om Mellbyes sjel. Med den stillinga han hadde i bonderørsla, var haldninga og valet hans avgjerande, og han vart pressa frå begge sider. Ansvar for å leie laget i denne situasjonen kvilte tungt på han, og han var lenge i tvil før han slo inn på ei motstandslinje. «Jeg kan si ærlig og oppriktig,» sa han på representantskapsmøtet i november, «at det har vært en av de største, kanskje den største, påkjenning jeg noensinne har hatt i mitt liv.»<sup>40</sup>

Det var fleire trekk ved utviklinga som avgjorde at Mellbye skifta haldning. Utover hausten vart motstanden i Norge mot NS og nazifiseringsframstøytane sterkare – det kom til dømes til uttrykk blant idrettsungdomen, i kyrkja og i Norges Fiskarlag. I oktober og november hadde både formannen og Dietrichson kontakt med dei andre næringsorganisasjonane og mottok åtvaringar. Samstundes vart krinsen av motstandsfolk rundt Mellbye større, og fleire prøvde å påverke han til å endre kurs. Det galdt særleg dei nære venene hans, Dietrichson og Lars Eskeland, kona hans og fleire i den nære familien, og det galdt professor Jon Skeie som Mellbye ofte rådførte seg med. Forfattaren Ronald Fangen, som Mellbye vart kjend med i organisasjonen Moralsk Opprustning, åtvara han mot NS både i brev og samtalar: Bøndene måtte for all del ikkje svikte, «da tror jeg det er ute med vårt folk for lange tider... Spørsmålet er om vi vil motta vår frihet gjennom en tvangsforanstaltning som gir all makt til et parti, som ikke har kunnet opnå et eneste mandat gjennom frie valg». Det var langt betre med eit tysk protektorat, «det visste man da hvad var».<sup>41</sup> Mellbye såg sjølv med stigande uro på dei «gjentagne angrep på åndsfriheten».<sup>42</sup> Dei ramma blant andre Fangen. Etter ein artikkel i tidsskriftet *Kirke og Kultur* vart han arrestert av Gestapo 8. november og sett i einecelle i Møllergata 19. Dette var det første overgrepet mot ein norsk forfattar og vekte stor merksemd i samtida.<sup>43</sup> Arrestasjonen kom like før representantskapet i Bondelaget skulle samlast i Oslo, og må ha gjort sterkt inntrykk på Mellbye.<sup>44</sup>

Motstridande utspel frå NS i dei vidare forhandlingane styrkte også motstandsfronten i Bondelaget. Ei forsonande haldning med sikte på å få i stand eit kompromiss, i tråd med dei signala som kom frå landsstyremøtet i Bondelaget, veksla med ei hardare linje – i første rekkje representert ved Steinar Klevar. Sjølv om han var medlem av forhandlingsutvalet i partiet, heldt han fram

agitasjonen mot Bondelaget som han hadde starta om sommaren. I ein samtale med Odd F. Fladstad i slutten av september gjekk han «konsekvent» inn for at laget underordna seg NS og «gikk inn i Bondelaget».<sup>45</sup> Før representantskapsmøtet i Bondelaget i november retta han eit kraftig åtak mot organisasjonen og Mellbye på eit møte i Ringsaker. Alle «bondenæringens folk» måtte «tvangsorganiseres», sa han. «Dette er ikke til å unngå.» Denne trusselen om tvangstiltak braut med ei hovudlinje i haldningane til Mellbye. Han ville ha ein mest mogleg «fri» organisasjon, og han ville ha «frie bondefolk».<sup>46</sup>

Klevar hadde truleg støtte frå dr. Richert i Reichskommisariat, og målet hans var etter alt å dømme å velte forhandlingane for å gje plass for laaget – og seg sjølv som bondeførar.<sup>47</sup> Quisling hadde prøvd å halde laugsformannen i skinnet, men vakla. Tre dagar før representantskapsmøtet i Bondelaget slo han i bordet eit framlegg til avtaletekst, kort og konsist, i tre punkt: Programma til Bondelaget og NS fall i hovudtrekk saman; organisasjonen ville derfor støtte partiet i arbeidet «med å nå fram til et norsk styre og et fritt, selvstendig folk»; NS ville til gjengjeld godkjenne Bondelaget som samlande fagorganisasjon for bygdene, «formålstjenlig omformet etter de nye forhold».<sup>48</sup>

Om målet var samarbeid, var dette eit uklokt utspel. «... hjertelig kjed av NS og alle deres forhandlinger» utforma Mellbye dagen etter eit framlegg til vedtak som avviste vidare forhandlingar – rett nok i varsame ordelag. Han ville ikkje gå mot «mange av de ideer og tanker» som låg bak avtaleutkasta, «ideer som allerede før ikke har ligget fjernt fra Bondelaget». Men no var det nødvendig å stoppe opp. Ein avtale etter opplegget frå NS ville føre til «en så sterk splittelse innen det norsk folk at vi ikke tør overta ansvaret for det».<sup>49</sup> I landsstyret, som var samla like før representantskapsmøtet, ynskte likevel fleirtalet å forhandle vidare. Avgjerda skjedd i representantskapet. Medrekna formannstrioen og styret møtte vel 150 utsendingar frå heile landet – til og med Nordland i nord – til ein intens tre-dagars debatt, og langt meir tilspissa og motsetnadsfull enn på landsstyremøtet i slutten av oktober. I starten avviste eit knapt fleirtal (75–74) også her å bryte forhandlingane. Før det avgjerande møtet søndag 17. november vart Mellbye oppsøkt av Jon Skeie, som oppfordra han til å stille kabinettsspørsmål.<sup>50</sup> Mellbye følgde rådet. Dersom ikkje forsamlinga slutta opp om hans vilje, måtte han trekkje seg som formann. Begge nestformennene, Trædal og Enger, solidariserde seg med formannen. Denne vendinga gav opposisjonen eit fleirtal på 13 røyster (81–74) og syntte at representantskapet framleis var delt om lag på midten. Etter eit framlegg frå Trædal, meir ordrikt, men i realiteten med same konklusjon, voks majoriteten til 108 mot 39 røyster – 7 setlar var blanke.<sup>51</sup>

Vedtaket 17. november skapte eit vasskilje i kampen om Bondelaget. Mellbye samla med sitt nei ein aukande flokk som no byrja å sige bort frå samarbeidslinja. Men det var vanskeleg å få i gang denne straumendinga. Under



*Jon Skeie (1871–1951)*

*Skeie var professor i rettsvitenskap ved Universitetet i Oslo, og var ein av Mellbyes nære vener. Hausten 1940 var Skeie ein av dei i krinsen rundt Mellbye som sterkast rådde han til å bryte samarbeidsforhandlingane med NS.*

*Foto Universitetsbiblioteket, Oslo*

representantskapsmøtet noterte Mellbye at han hadde med seg Nordland, Vestlandet og Sorlandet, medan Trøndelag og Austlandet gjekk mot han.<sup>52</sup> Det stenografiske referatet frå møtet viser at dette er ein rett karakteristikk. Unntaket var Sorlandet, der representantane frå Aust-Agder støtta forhandlingslinja, medan vestegdene – under leiing av forfattere Hans Seland<sup>53</sup> – gjekk mot. Debatten arta seg mest som eit skarpt oppgjær mellom utsendingane frå Vestlandet og Nordland og dei som kom frå Austlandet, i første rekkje Hedmark og Oppland, og Trøndelag. Representantane frå Innherad møtte til dømes med bunde mandat. Dette konfliktmonsteret var ikkje nytt, noko Hegrenes peikte på i debatten. I si tid som stortingsmann for Bondepartiet hadde han ofte hatt «en beklemmende følelse av at man her, så å si i centrum av landet, ikke har fullt kjennskap til folkets mentalitet, til innstillingen og levevilkårene i de deler av landet som ligger noe langt borte». Vart samarbeidet med NS realisert, ville bondene over heile Vestlandet «i flokk og følge» forlate Bondelaget.<sup>54</sup>

Det var først då Mellbye og nestformennene sette stillingane sine inn, at Bondelaget tok brotet med NS. Før det var både landsstyret og representantskapet innstilte på å føre forhandlingane vidare. «Vi vet at denne oppfatning i grunnen hadde flertall.» måtte Mellbye vedgå i avslutninga av møtet: «Vi vet at man boyde seg for formannskapet.» Men han var letta og lukkeleg for resultatet: «Nå er jeg fri mann.»<sup>55</sup>

Men på denne tida hadde det seg utvilskeleg å arbeide fritt i organisasjon. Samtill hevdar at hovudk. moter «meir og meir» vart «eit nazireir», og at det var risikabelt å snakke opp, fordi det gikk vidare til NS.<sup>57</sup> Etter motet i representantskapet kom laget også inn i eit hardare klima. Klevor og flokken rundt han var no innstilte på å bruke makt. I eit brev til Quisling la han, ikkje utan grunn, skulda på førmennene for det som hadde hendt. Det var «en fare for staten at en av disse største og viktigste organisasjonene har en slik ledelse», og det var «en uomgjengelig nødvendighet» at statsmaktene greip inn. Han skisserte ein plan for korleis dette kunne skje. Først måtte førmennene bort, så måtte landsstyret innkallast for å oppnemne nytt styre, og straks etter burde forholda til NS avklarast.<sup>58</sup>

Dette opplegget stemte nokså godt med det som faktisk hende. Klevor allierte seg først med Albert Hagelin, kommissarisk statsråd i Innanriksdepartementet, som fekk sjefen for Politidepartementet, Jonas Lie, til å krevje utlevert alle dokument og moteprotokollar om forhandlingane som Bondelaget hadde.<sup>59</sup> Planen var etter alt å domme å rette eit raskt og lammande slag mot organisasjonen. Men dette vart stoppa. I staden starta ein meir langvarig nazifiseringsprosess.



*Hausten 1940 vart Asmund Enger, saman med Nils Trædal, avsett som nestformann i Bondelaget av dei tyske styresmaktene. Enger, fødd 1881, var skogeigar og gardbrukar i Nordre Land. Han hadde ei rekkje verv i offentlege komitear og i organisasjonar som representerte skogbruk og jordbruk. I Bondelaget var han nestformann frå 1921. Foto Norges Bondelags arkiv*



Den harde linja vart likevel stadfesta i byrjinga av desember då Enger og Trædal vart avsette. Initiativet kom truleg frå Klevar med støtte frå Reichskommissariat. Begge nestformennene vart konfronterte med det dei hadde sagt og gjort på representantskapsmøtet i november, og fekk valet mellom dei offentlege eller halvoffentlege stillingane dei hadde, og verva i Bondelaget.<sup>59</sup> Begge valde det første.

Overgrepet mot nestformennene var eit prov på at Bondelaget ikkje kunne halde fram som ein fri og sjølvstendig organisasjon. Mellbye vart sett under sterkt press for å bli ståande som formann, både frå dei samarbeidsvillige i organisasjonen og frå NS og tyske styresmakter. Men dette var no ein umogleg tanke. På nyåret skisserte han ein plan om å oppløyse organisasjonen – å leggje ned alle organ med unntak frå dei lokale bondelaga. Avviklinga måtte skje lovmessig, og det ville ta minst eit halvt år. Planen møtte sterk motbør då han la den fram for arbeidsutvalet, og han gav opp å føre saka vidare.<sup>60</sup>

Då stod eitt alternativ att: å trekkje seg som formann. Men Mellbye insisterte på at avgangen måtte skje i pakt med lovene. Formannen vart vald av landsstyret, og då måtte han også leggje ned vervet i same organ. Dermed ville han vente til landsstyret vart innkalla. Standpunktet stod juridisk sett sterkt. Det hadde også ein taktisk baktanke. Å stå andlet til andlet med landsstyrerepresentantane ville bli ein sterk demonstrasjon av motstand. Mellbye sa også frå om at han i styret ville «tale fritt».<sup>61</sup> Det var dette NS og tyskarane for all del ville unngå. Styresmaktene nekta derfor organisasjonen å kalle saman til landsstyremøte.

Når Mellbye ikkje ville dra seg attende i det stille, var berre ein veg mogleg for styresmaktane: å bruke makt. Laurdag 1. mars underteikna Terboven eit skriv som avsette formannen. To dagar seinare køyrde ei gruppe Gestapo-offiserar under leing av Richert og landbruksminister Thorstein Fretheim til Grefshheim. Mellbye vart konfrontert med avskilsbrevet og internert under politikkontroll i 14 dagar. Deretter vart han kalla til Viktoria Terrasse og måtte gje sitt æresord på at han ikkje skulle drive med politisk arbeid resten av krigen.<sup>62</sup>

På same tid gjekk Dietrichson av. Han fekk vite om aksjonen mot Mellbye tysdag 4. mars, men venta nokre få dagar før han kunngjorde offisielt at han drog seg attende – «fordi jeg ikke ville at dette med Mellbye og meg skulle være samtaleemne» i landbruksveka som var nett då. Den 8. mars sende han avskilsbrevet til Fretheim – eit signal om kven han meinte hadde makta i organisasjonen – og trekte seg tilbake til Ski som gardbrukar og landbruksskolestyrar.<sup>63</sup>

### *Slutten på ein epoke*

Mellbyes og Dietrichsons avgang markerte definitivt slutten på det frie Bondelaget. Det markerte også slutten på ein epoke i lagshistoria. I om lag 30 år



*Då Mellbye vart avsett som formann våren 1941, sa Dietrichson opp stillinga som generalsekretær. Dette hendingane var eit vendepunkt i forholdet mellom bonderørsla og nazistyrsmaktene. Foto Norges Bondelags arkiv (Mellbye), Universitetsbiblioteket, Oslo (Dietrichson)*

hadde desse to stått saman i leiinga og hadde utvikla eit partnerskap som er eineståande i norsk organisasjonshistorie. Vi finn knapt heller andre døme på eit så langvarig leiarskap – og i alle fall ikkje i ein så stor organisasjon.

I denne perioden hadde Bondelaget vakse frå å vere eit lag med eit lite og smalt medlemsgrunnlag til å bli ein av dei mektigaste landsorganisasjonane i Norge. Dietrichson hadde stor ære for denne utviklinga. Han var ikkje berre den effektive organisasjonsleiaren, men han fekk også stor innverknad over organisasjonspolitikken – ikkje minst på grunn av det fortrulege forholdet han hadde til Mellbye, og ved at han kunne stø seg til den store autoriteten formannen hadde. Samtidig arbeidde han aktivt for å byggje opp denne autoriteten for å lofte Mellbye over alle andre leiarar i bondeorganisasjonane og gjere han til ein nasjonal førar.

I 20- og 30-åra stod Mellbye også fram som «bondehøvdingen» som ingen kunne gjere rangen stridig. Sjølv ytra han fleire gonger ynske om å trekkje seg. Men han vart alltid overtala til å halde fram. Det var ikkje berre i 1940 at det var vanskeleg til å finne folk til å fylle den rolla han hadde.

Mellbytes posisjon kvilte ikkje i første rekkje på evne til nyskapande tenking – til å stille seg i brodden og vise veg der bonderørsla skulle gå. Han mangla rett nok heller ikkje slike kvalitetar. Han spelte til dømes ei sentral rolle i effektiviseringa av organisasjonsapparatet etter 1909, og han stod fremst i det arbeidet som gav korn- og sjølvforsyningspolitikken førsteprioritet på programmet under første verdskrigen. Han gjekk også i brodden for å gjere tollpolitikken til eit spørsmål om jamstelling med industrien, og løfta dermed jamstillingskravet fram som ei flaggsak for bonderørsla. Mellbye var dessutan ein føregangsmann i det jordbruksfaglege arbeidet, noko ikkje minst drifta på storgarden Grefsheim var eit vitnemål om.

Men ved mange viktige korsvegar for bonderørsla var formannen i tvil om vegvalet – eller direkte i opposisjon til den kursen som vart vald. Dette galdt partispørsmålet i 1920, kornpolitikken i 20-åra, den nye jordbrukspolitikken i byrjinga av 30-åra og kriseforliket i 1935. På tampen av si formannstid, i 1940, byrja han å gå ein veg som rett nok hadde stor oppslutning i dei krinsane som påverka han, men som leidde organisasjonen inn i eit uføre.

Ofte let han seg synkverve av dei ideologiske og politiske grunnhaldningane sine. Mellbye var konservativ og på mange måtar ein romantikar. Han lengta attende til samfunnsforhold som var meir «harmoniske», og han var skeptisk til den moderne samfunnsutviklinga. Ofte var han meir styrt av draumen om fortida enn av evne til å tolke samtida. Han var også meir ein talsmann for moralske og kulturelle verdiar i bonderørsla enn for økonomiske interessekrav. Han stod derfor på avstand frå agronomane og dei yngre bondepolitikarane som i løpet av 30-åra nettopp køyrde desse interessekrava i framgrunnen. I det nye politiske styret han såg bryte fram i 1940, fann han klangbotn for dei ideane han meinte bonderørsla burde byggje på. Slik sett var det den siste framstøytten frå den gamle eliten i laget som førte til den kursen Bondelaget slo inn på, og som ei tid styrte inn i eit samarbeid med NS.

Mellbye yppa likevel sjeldan til strid og kamp for sine standpunkt i organisasjonen. Han var oppteken av einskap – av å skape forsoning i konfliktspørsmål. Han hadde evner som brubyggjar og kunne sjølv innrette seg etter fleirtalet. Som embetsmannsson, tidlegare høgremann og godseigar frå dei austlandske breibygdene mangla han nokre føresetnader for å bli eit samlingsymbol for bonderørsla i fjell-, fjord- og kystbygdene. Men han vann likevel tiltru og respekt landet over og fekk ein sterk posisjon som leiar overalt. Han hadde ei genuin interesse for landbruket både i fjell- og fjord-Norge, og med det romslege og milde vesenet sitt hadde han ikkje vanskar med å få kontakt

med den «jamne» bonde. «Han er omtenkssam, roleg og varsam,» skreiv Anton Beinset i eit portrett av han som stortingsmann i 20-åra: «Og trass han er det som ein vel lyt kalla storbonde, set han alt inn på å skyna ogso småbonden og hans kår.»<sup>64</sup> Mellbye vart også kjend som ein hjelpsam og gjevsmild mann. Mang ein gardbrukar eller småbrukar som kom i vanskar, fekk hjelp frå Grefsheim.

I møtet med folk utover landet, i talar og foredrag på landsmøta og andre tilstellingar var han først og fremst oppteken av dei store og lange linjene som sette den norske bonderørsla inn i ein kulturell og historisk samanheng. Desse talane kunne løfte folk ut av kvardagen og kvardagsproblema. I folks medvit var han langt på veg heva over intern strid i bondeorganisasjonane.

Det er på denne bakgrunnen vi kan skjønne at kampen om Bondelaget 1940–1941 i så stor grad vart ein kamp om Mellbye. Derfor vart det også avgjerande for den vidare utviklinga at han stilte seg i spissen for snuoperasjonen i november, og at han vart pressa frå stillinga si i mars 1941. Den vegringa mot samarbeid som vart innleidd ved desse hendingane, styrkte reint allment heile motstandskampen i Norge mot NS. Partiet satsa i første rekkje på bøndene. No vart det mykje vanskelegare å få brei oppslutning derifrå.

### *Bondesambandet – frå visjonar til illusjonar*

Medan Mellbye kjempa sluttstriden i organisasjonen, styrte eit reorganisert arbeidsutval resten av Bondelaget inn i samarbeid med NS. Då formannen vart avsett, overtok Aksel Berger som «administrator» eller forretningsfører inntil eit landsstyre kunne velje ny leiing.<sup>65</sup> Han leidde også ein ny organisasjonskomité som etter kort tid la fram ei innstilling basert på skissa som linjekomiteen hadde lagt fram sommaren 1940 og på forhandlingsopplegget med NS i oktober. Samarbeidslinja skulle halde fram: «... vi har ikke råd til å ofre vår fagorganisasjon for en politisk innsats.»<sup>66</sup> Utgreiingsarbeidet skjedde også i nært samarbeid med NS, og innstillinga vart som førebels plan godkjend av partiet og Quisling.<sup>67</sup>

Etter at Mellbye var avsett, gjekk Richert inn for å endre lovene slik at Landbruksdepartementet kunne oppnemne eit nytt formannskollegium. Dette sette arbeidsutvalet seg imot. I staden la det opp til eit tett samarbeid med styremaktene for å få løyve til å kalle inn landsstyret og velje ny leiing på ein mest mogleg «lovleg» måte. Berger sende skriv til styremedlemene og bad om ja/nei-svar til desse sentrale spørsmåla: Skulle Bondelaget halde fram? Skulle det byggje arbeidet på framlegget frå organisasjonskomiteen? Han la ikkje skjul på kva han forventa: «Jeg går ut fra at samtlige svarer positivt på skjemaet. De svar landsstyrets medlemmer avgir vil bli bestemmende for adgangen til å holde landsstyremøte.»<sup>68</sup> På denne tida hadde fleire av dei 37 landsstyremedlemene lagt ned verva sine. 28 svara, og 25 sa ja på begge spørsmåla. Dermed var saka

avgjort. På landsstyremøtet i byrjinga av november vart organisasjonsplanen godkjend utan større innvendingar, og landbruksminister Fretheim vart ny leiar. Dette vervet hadde han alt sikra seg ved å bli oppnemnd av Innanriksdepartementet, med heimel i ei spesiell foreiningsordning. I 1940 sat landbruksministeren elles som styremedlem både i Bondelaget og i Norges Skogeierforbund. Berger gjekk inn som nestformann, og Jæger-Leirvik som varaformann.<sup>69</sup>

Det «nye» Bondelaget hadde dermed ført prosessen til endes. Turen kom deretter til Småbrukarlaget. Både for Småbrukarlaget og dei andre organisasjonane var nazifiseringa av Bondelaget eit lærestykke som synte kva som venta om dei innlet seg i samarbeid med NS. I denne perioden heldt dei derfor ein låg profil. Småbrukarlaget innretta seg mot eit strengt fagleg arbeid, og fekk vere i fred til frampå hausten 1941. I oktober vart formannen, Sigvart Gulbrandsen, kalla inn til Richert og seinare til Fretheim og sett under press for å slutte seg til Bondelaget i eit bondesamband. Gulbrandsen nekta og fekk samrøystes støtte frå representantskapet i laget. I småbrukarorganisasjonen fanst det ikkje noko ideologisk fellesskap med nasjonalsosialismen som NS og tyskarane kunne bruke til sine formål. På styremøtet 21. november troppa Fretheim og sekretæren hans, Finn Thrana<sup>70</sup>, opp og slo i bordet ein ordre frå Innanriksdepartementet om at laget skulle skifte formann. Aslak Høgetveit, som kom frå Bondelaget, vart innsett og fekk samstundes plass i arbeidsutvalet og landsstyret i Bondelaget. Den offisielle overgangen til Norges Bondesamband skjedde i mars 1942, og sjølv om både Småbrukarlaget og Bondelaget enno ei stund brukte sine eigne nemningar, var nazifiseringa no fullført ved at dei var innlemma i ein felles landbruksorganisasjon.<sup>71</sup>

Bondesambandet hadde som målsetjing å vere «fri og selvstyrt» og «upolitisk», samstundes som det skulle støtte opp om nyordninga av Norge i lojalt samarbeid med NS.<sup>72</sup> Dette vart ein umogleg balansegang.

I første omgang innebar skipinga av sambandet at Klevars eroblingslinje vart nedkjempa. På nyåret 1942 vart han utnemnd til veterinærdirektør og fjerna frå Bondelaget, som no fekk namnet NS Bondegrupper (NSBG).<sup>73</sup> Fretheim tok hans plass, med Eiliv Trahaug som «stedfortredende» landsleiar.<sup>74</sup> På denne måten samla Fretheim dei landbrukspolitiske toppverva i ein personalunion mellom Bondesambandet, partiet og Landbruksdepartementet. Dermed var også det korporative grunnlaget lagt for nærings- og rikstinget.

På papiret såg opplegget straumlinjeforma ut. I praksis kom det ikkje til å fungere særleg godt. Fretheim kom heller ikkje til å leggje arbeid i å samordne dei enkelte gruppene i denne unionen. Landbruksministeren blanda seg sjeldan inn i det daglege arbeidet i Bondesambandet, der Berger og Jæger-Leirvik vart dei leiande personane. Fretheim ynskte heller ikkje å integrere Bondesambandet i partiet. Sjølv melde han seg inn i NS først i mai 1941, og han vart aldri nokon ihuga nasjonalsosialist. Men medlemskapen gav innverknad. Ei



Propagandaen frå NS under okkupasjonen om å få bøndene til å gå inn i partiet, var mislukka. Både Bondelauget og Bondsambandet var ein fiasko, og som yrkesgruppe var bøndene relativt sett lågare representerte i medlemsmassen til NS enn både funksjonærane og arbeidarene. Illustratør H. Damsleth, Nasjonal Samlings Rikstrykkeri. Foto Tom B. Jensen, Røyken



grunnlinje i arbeidet hans gjekk ut på å forsvare landbruksinteressene overfor partiet og tyske styresmakter. Då det til dømes vart gjort freistnad på å underordne landbruket under Norges nærings samband i 1943 og innføre pliktmedlemskap for bøndene i Bondsambandet, motarbeidde han dette kraftig. Han heldt også hendene sine over tenestemennene i departementet når folk frå radikalt NS-hald pressa på for å få erstatta dei med pålitelege partifolk. Dessutan låg han stadig i strid med tyske styresmakter særleg i samband med krav om forsert hogst som kunne føre til uttynning av skogane i Norge. Hausten 1944 vende ei rekkje av fylkesbondeleiarane i partiet seg til Quisling og kravde at landbruksministeren vart fjerna. Presset frå NS og Reichskommissariat førte til at han trekte seg i april 1945 og vart erstatta av den gamle bondelagsmannen T. Dehli-Laurantzon.<sup>75</sup>

Sjølvtendelinja til Fretheim hadde støtte i Bondsambandet. Organisasjonen prøvde heile tida å halde avstand til NS sjølv om mest alle i leiinga var

medlemer av partiet.<sup>76</sup> Men visjonane om ein autonom organisasjon som skulle representere eit «fritt» landbruk, støytte mot NS sitt behov for kontroll og krav om innordning i partiapparatet. På denne bakgrunnen var det rivalisering og motsetningar mellom partiet og sambandet under heile okkupasjonen.

Etter retningslinjer som vart fastlagde av Quisling sommaren 1942, skulle NS Bondegrupper vere «partiets gruppeorganisasjon» i det «faglige» Bondesambandet. Avdelinga skulle arbeide for NS-tilslutning i sambandet og sørge for at leiarstillingar i fagorganisasjonen, sentralt og utover landet, vart fylte av partifolk.<sup>77</sup> Denne overordna politiske styringa skapte konflikhtar. Ofte fekk dei to avdelingane felles tillitsmenn – noko som hindra Bondesambandet i å marknadsføre seg som ein «samlande» og uavhengig organisasjon. I mange tilfelle utnemnde også sambandet egne tillitsmenn som ikkje ville ha noko å gjere med fylkes-, krins- eller bygdebondelagar til partiet.

Motsetningane slo også ut i forholdet til landbruksadministrasjonen i fylka og kommunane. Etter ei endring i jordlova i april 1941 skulle jordstyra i kommunane peikast ut av styret i landbruksselskapet «i samråd med Nasjonal Samlings fylkesfører», og Bondelaget gjekk i gang med å plukke ut lojale personar.<sup>78</sup> I september same året vart landbruksselskapa i fylka avløyste av landbruksråd, der Landbruksdepartementet peikte ut formannen – i regelen identisk med fylkesbondeføraren i NS. Etter organisasjonsplanen til Bondesambandet skulle sambandet sjølv overta partiet si rolle her, men dette skjedde ikkje – til stor irritasjon for mange i organisasjonen. Hausten 1943 trekte Aslak Høgetveit seg frå Bondesambandet og grunn gav det med at føresetnadene for arbeidet var brotne. Norges Bondesamband hadde utvikla seg «mer og mer i retning av en isolert organisasjon uten kontakt med den daglige og aktuelle landbruksadministrasjonen i fylkene og bygdene».<sup>79</sup>

Hovudgrunnen til frustrasjonane i organisasjonen låg likevel i den manglande oppslutninga. Planane om å integrere fiskarane og landbruksarbeidarane måtte gjevast opp tidleg, dels fordi styresmaktene prøvde å nazifisere fiskerinæringa og arbeidslivet – utan hell – på andre måtar, og dels fordi sambandet fekk meir enn nok med å vinne til seg gardbrukarane. I Småbrukarlaget, som hausten 1941 var budd på det som hende, vart stort sett alle lokallaga lagde ned.<sup>80</sup> Verre var det at bondelaga og bøndene vende Bondesambandet ryggen.

Vendepunktet skjedde i mars då Mellbye vart avsett. Både styresmaktene og hovudkontoret i Bondelaget gav ein pynta versjon av denne hendinga, men organisasjonsrørsla utover landet vart likevel tidleg informert om maktovergrepa. Tore Gjelsvik, som gjennom far sin, Eystein Gjelsvik, og ved samtaler med Dietrichson var godt orientert om utviklinga i organisasjonen, tok kontakt med ei kontordame i Bondelaget og fekk tak i lister over alle tillitsmennene. 12. mars sende han dei ei utførleg framstilling av kva som hadde hendt, med oppmoding om å bryte alt samband. Fem dagar seinare vart oppmodinga

kringkasta i ein radiotale frå London.<sup>81</sup> Samstundes sende Aker-Oslo krets melding til ei rekkje andre krinslag om at styret la ned verva sine – og rådde andre til å gjere det same. Reaksjonen var, slik Strand ved hovudkontoret opplevde det, «et ras med utmeldelser fra øverst til nederst».<sup>82</sup> Fleire av tillitsmennene i arbeidsutvalet og styret la ned verva sine. Det galdt blant andre Olav Moen, Helge Karset, Olav Klokk, Ole Glærum og Lars Eskeland.<sup>83</sup> Fram til hausten 1942 trekte ca. 2000 medlemmer seg frå organisasjonen saman med 30 (av 680) bondelag, 14 (av 84) krinslag, 20 (av 140) bondeungdomslag og 200 (av 492) bondekvinnelag.<sup>84</sup> Det verste var likevel ikkje dei direkte utmeldingane, men at hovudtyngda av laga braut kontakten med Oslo-kontoret og la ned arbeidet. Freistnaden på å byggje opp nye sambandslag var så å seie heilt mislukka. I løpet av 1942 vart det stabla på beina 166 bygdesamband, nokre ganske få krinsstyre og berre eitt fylkesstyre, i Østfold.<sup>85</sup> Det finst ikkje pålitelege oppgaver over medlemstalet. Men talet på aktive medlemmer nådde truleg høgdepunktet i 1944. Då var det mellom 2500 og 3000 innmelde. Vel 1600 av desse hadde tidlegare vore med i Bondelaget – og utgjorde knapt 3 % av medlemsmassen til laget i 1940.<sup>86</sup> NS Bondegrupper hadde på same tid eit medlemstal på om lag 4000.<sup>87</sup> NS-avdelinga rekna då med alle i partiet som på ein eller annan måte hadde tilknytning til landbruk og skogbruk, blant andre landbruksfunksjonærar og dei som arbeidde i samvirket.

På landsbasis fekk NS aldri stor oppslutning frå bøndene. Til saman var 5950 bønder og fiskarar medlemmer under krigen. Dette talet utgjorde 1,7 % av yrkesgruppa – lågare enn for ei rekkje andre sosiale grupper, til dømes funksjonærar og arbeidarar.<sup>88</sup> Variasjonane mellom landsdelane var likevel store – under krigen som i 30-åra. Partiet fekk relativt sett sterkast oppslutning i nokre av dei beste jordbruksbygdene på Austlandet, i Agder og i Trøndelag, og her var det jamt over bøndene som utgjorde kjernen i medlemsmassen. Over 80 % av medlemene i NS Bondegrupper i 1944 kom frå austlandsfylka. Bondesambandet hadde tyngdepunkta sine i Østfold, Romerike, Toten og Hadelandsbygdene. Organisasjonen fekk også relativt stor oppslutning frå Nord-Trøndelag. I 1944 kom nesten kvar femte medlem frå Stjørdal, Verdal eller Innherad. I partiet låg Agder-kommunane Valle og Finsland på topp når det galdt relativ medlemsstyrke. Derimot hadde korkje hovudpartiet eller sambandet appell blant gardbrukarane og fiskarbøndene på Vestlandet eller i Nord-Norge. Særleg var vestlandsfylka stort sett eit kvitt felt for den nasjonalsosialistiske rørsla.

I 1944 var alle visjonane frå 1940 borte i Bondesambandet. Den nære tilknytninga til NS og styresmaktene gjorde at leiinga hadde mist alle voner om å vinne bøndene til seg. Arbeidet stod i stampe, og organisasjonen var i ferd med å gå heilt i oppløysing i ei stemning av frustrasjonar og interne konflikhtar. Våren 1944 melde krinsstyret i Søndre Hedmark, der T. Dehli-Laurantzon var leiar, at laget hadde slutta å teikne nye medlemmer. Det var berre NS-folk som



gjekk med, og det nytta ikkje å appellere til andre. Derfor vart alle bygdesamband, under stor motstand frå leiinga i Oslo, lagde ned.<sup>90</sup> På denne tida var det mange i NS som hadde gjeve opp Bondesambandet og ynskte at partiet skulle ta over organisasjonen direkte.

### *Bondesambandet og dei økonomiske organisasjonane*

Eit av dei store nederlaga leid Bondesambandet i forholdet til dei økonomiske organisasjonane. Alt hausten 1940, under forhandlingane med NS, kom det protestar mot planane om å underordne samvirket og Norges Skogeierforbund under eit bondesamband.<sup>90</sup> I den ambisiøse organisasjonsplanen som styret vedtok i november 1941, skulle omsetningsorganisasjonane i skog- og landbruk «være tilsluttet» Norges Bondesamband. Dei skulle velje representantar til landsstyret og betale kontingent «i forhold til deres omsetning».<sup>91</sup> Planen var noko på veg i pakt med den samarbeidsordninga som alt var gjennomført i 30-åra (jf. s. 365), men målsetjinga gjekk no langt vidare. Sambandet tok sikte på å gjennomføre det programmet maktmiddelhemnda sette opp i 1939 om å «midt-samle» heile samvirkerørsla under fagorganisasjonen. Samstundes tok det opp att planen om å leggje dei oppgåvene Omsetningsrådet hadde, under eit omsetningsutval i styret.<sup>92</sup> På denne måten kunne Bondesambandet få ei sentral stilling i omsetningsreguleringa. Det kunne få medlemene i samvirkerørsla indirekte kopla til seg i ei tid då bøndene vende laget ryggen, og omsetningsavgiftene kunne bli ei rik økonomisk kjelde i ei tid då kontingentinntektene krympa dramatisk.

Dei økonomiske motiva var eit kjernepunkt. I midten av februar 1941 sende Mellbye, truleg i samråd med Dietrichson, melding til krinsane om å halde innkomne kontingentpengar attende.<sup>93</sup> Dette førte nærast til økonomisk samanbrot i organisasjonen. 1940 gjekk ut med eit budsjettunderskot på 88 000 kroner. I 1941 kom det inn berre ca. 25 000 kroner i kontingentinntekter til hovudkontoret, i 1939 fekk krinsane inn til saman vel 290 000.<sup>94</sup> I 1941 var kassa i Bondelaget botnskrapa, og organisasjonen måtte ta av oppsparte fondsmidlar.

Krav om «promillebidrag» av omsetningsavgiftene var ikkje noko nytt. Bondelaget hadde gått inn for det i 30-åra. Både bondeorganisasjonen og Småbrukarlaget hadde elles fått noko økonomisk hjelp til fagleg arbeid frå omsetningsorganisasjonane, men som vi har sett, var det strid om det rettslege grunnlaget for desse overføringane (jf. s. 357). Hausten 1941 slo både NML og NKF frampå om at Bondesambandet kunne få økonomisk hjelp «innenfor rimelige grenser». Men då måtte omsetningslova endrast.<sup>95</sup> Når dei to organisasjonane kom med dette tilbodet, hadde det truleg samanheng med krava om «midt-

samling». Ei overføring frå omsetningsavgiftene kunne få sambandet bort frå tanken om å leggje under seg samvirket. På denne tida var det elles uvisst kva stilling sambandet ville få; det var ikkje utan vidare klart at medlemslaga i Bondelaget ville vende det ryggen.

I alle fall opna dei to organisasjonane for ei løysing som vart meir omfattande enn dei hadde venta seg. I januar 1942 underteikna Fretheim ei forordning som endra samansetjinga av Omsetningsrådet. Representantane frå handelstandsforbundet og kooperasjonen (NKL) vart fjerna, og dei to representane frå Bondelaget og Småbrukarlaget vart bytte ut med folk frå Bondesambandet. Anders Hafskjold, fruktdyrkar frå Lier i Buskerud og formann i Gartnerhallen, vart utnemnd til leiar med fullmakt til å praktisere «ansvarsprinsippet» eller førarprinsippet: Rådet kunne drøfte alle saker, men leiaren hadde rett til å avgjere dei åleine. I retningslinjene frå departementet heitte det samstundes at rådet skulle støtte Bondesambandet økonomisk.<sup>96</sup> Dermed var overføringane frå omsetningsavgiftene sikra, og med langt større summer enn det samvirkeorganisasjonane var budde på. Søknadene frå sambandet vart eit årvisst stridstema i rådet. Fram til frigjeringa vart det løyvd 809 000 kroner og utbetalt 579 000. I 1944 var løyvinga på 250 000. Bondesambandet hadde då eit budsjett på 305 000. Overføringane frå rådet finansierte dermed storparten av verksemda til laget. Kontingentinntektene frå medlemene nådde same året ca. 9000 kroner.<sup>97</sup>

Bortsett frå «promillebidraget» fekk likevel ikkje nazifiseringa av Omsetningsrådet store konsekvensar. Hafskjold praktiserte sjeldan «ansvarsprinsippet», og arbeidet i rådet heldt stort sett fram som før. Som formann i Gartnerhallen identifiserte han seg også med dei økonomiske organisasjonane og deira arbeid for å hindre underordning under Bondesambandet og NS. Etter ei omfattande brevveksling og fleire konferansar frå sommaren 1941 til våren 1943 stod sambandet like langt frå dette målet.<sup>98</sup> I denne situasjonen slo Bondesambandet med støtte frå partiet inn på ei hardare linje. Ministerpresident Quisling sende i mars 1943 ut ei «fullmakt» om at Bondesambandet skulle «lede den vidare utbygging av omsetningsorganisasjonene og regulering av omsetningen», og med denne fullmakta i lomma arbeidde arbeidsutvalet i sambandet noko seinare ut eit lovframlegg som med eitt slag skulle løyse heile problemet. Alle organisasjonar, foreiningar og økonomiske og fagtekniske institusjonar «hvis arbeid høerer til bondeorganisasjonens arbeidsområde» skulle vere tilslutta Bondesambandet. Samvirket vart nemnt særskilt. Sambandet skulle «lede den vidare utbygging av omsetningsorganisasjonene med sikte på enkel, jevn og sikker avsetning av landbruksprodukter og landsgavnlig fremme av landbruksproduksjonen». Alle produsentar skulle ha plikt til å betale avgift av alt sal til bondeorganisasjonen som tilsvara minimum ein og maksimum tre promille av omsetningsverdien.<sup>99</sup>

Men framlegget vart eit slag i lufta. Ei slik lov hadde ingen sjanse til å få den nødvendige godkjenninga i Reichskommissariat, og framlegget nådde aldri lenger enn til kontora i Landbruksdepartementet.

Det var delte meiningar i Bondesambandet om kor hardt press omsetningsorganisasjonane burde utsetjast for. Å alliere seg med partiet for å nazifisere samvirket kunne lett ramme sjølvstendelinja i sambandet. Dette var truleg eit moment som Fretheim tok omsyn til. Landbruksministeren forsvarte til dømes Norges Skogeierforbund, der han var formann, mot pågang frå partiet og tyske styresmakter. Han gjekk også i bresjen for Den norske Veterinærforening, som styresmaktene prøvde å nazifisere i 1943.<sup>100</sup> På den andre sida var det viktig for eksistensen til Bondesambandet å knyte til seg omsetningssamvirket. Med det kunne organisasjonen kompensere den manglande medlemsoppslutninga. Derfor vart det teke så mange initiativ frå 1941 for å få dette til, både i arbeidsutvalet og frå Fretheim i Landbruksdepartementet.<sup>101</sup>

Det var i første rekkje tyske styresmakter som heldt hendene over omsetningssamvirket. Hovudgrunnen var omsynet til produksjonen i landbruket og omsetninga av jordbruksvarene. Dersom samvirket vart pressa inn i eit samarbeid med ein organisasjon som bøndene ikkje hadde tiltru til, kunne heile omsetningssystemet bryte saman. Det kunne gå utover matforsyninga – i alle fall den som gjekk gjennom dei offisielle kanalane. Dette var argument omsetningsorganisasjonane sjølve stadig understreka i striden med Bondesambandet og partiet. Samstundes vart tyske krav om matproduksjon brukte som skjold. I brev til landbruksminister Fretheim hausten 1941 synte NML til eit møte med landbruksavdelinga i Reichskommissariat der Richert «inntrengende påla oss å sørge for at melkeproduksjonen og tilførselene til meieriene ble holdt best mulig oppe. Vi ble gjort ansvarlig for at resultatet i så henseende ble godt og fikk beskjed om selv å finne de midler og veier som best mulig kunne føre til målet».<sup>102</sup>

Dette referatet dekte i store trekk det som vart resultatet. Samvirkerørsla fekk stort sett ei sjølvstendig stilling innanfor dei rammene krigen og okkupasjonsstyret sette. Jon Sundby kunne til dømes halde fram som formann både i NML og i Østlandske Melkesentral. Derimot vart han avsett som preses i Norges Vel og som medlem av direksjonen i Noregs Bank. I Norges Pelsdyrslag vart styret skifta ut med NS-folk i 1944. Men dette innebar ikkje at partiet eller sambandet fekk større innverknad. Bakgrunnen var tysk misnøye med at laget ikkje oppfylte tyske krav om leveransar.<sup>103</sup> Elles fekk dei økonomiske organisasjonane frie hender til å administrere marknadsordningane, arbeide med rasjoneringspolitikken og fordelinga av produksjonen. Dette skjedde i kontakt med embetsmennene i Landbruksdepartementet og Forsyningsdepartementet (frå 1943 omdøyppt til Næringsdepartementet). I Landbruksdepartementet gjekk kontakten i første rekkje til Produksjonsdirektoratet, leidd av Lars Spildo. Dei

gamle embetsmennene i departementet vart sitjande sjølv etter nyordninga i september 1940. I Forsyningsdepartementet låg landbruksordningane under Direktoratet for proviantering og rasjonering leidd av Nikolai Schei<sup>104</sup>, og medarbeidarane i direktoratet vart rekrutterte frå landbruket. NS var med nokre få unntak ikkje representert blant embetsmennene i dei to departementa. Elles blanda Reichskommissariat seg lite inn i dette arbeidet – vel vitande om at inngrep kunne bringe uro og forstyrningar inn i eit system som stort sett fungerte effektivt.<sup>105</sup> Særleg skapte dr. Karl Blankenagel gode sambandslinjer til tyske styresmakter. Han tok over som sjef for ernærings- og landbruksavdelinga i Reichskommissariat hausten 1942 etter den langt hardare og meir uforsonlege Richert.

### *Konsolideringa av omsetningssamvirket*

Grunnane til at dei økonomiske organisasjonane fekk slik ei sterk stilling, var for det fyrste omsetningsapparatet dei alt hadde bygt opp i 30-åra, og for det andre at det var behov for ei effektiv fordeling av matvarene under okkupasjonen. Det siste førte til at samvirket styrkte innverknaden over jordbruksmarknaden. Problemet med å skaffe mat til befolkninga gjorde det nødvendig å innføre rasjoneringsordningar og å kanalisere omsetninga i langt sterkare grad enn før gjennom regulerte kanalar. Dette gav samvirket fleire oppgåver, større makt over marknaden og utgangspunkt for å byggje ut organisasjonane.

I mjølkesektoren var utbyggingsbehovet minst. Mesteparten av mjølka var alt i 30-åra omsett gjennom meierisamvirket. Hausten 1941 kom det forbod mot direkteleveransar utan særskilt løyve frå dei lokale forsyningsnemndene. Dermed fekk meieria eit faktisk monopol. NML fekk elles ansvar for å gjennomføre og administrere det såkalla riksoppgjæret for mjølk som vart innført frå 1943. Etter press frå organisasjonen om høgre prisar gjekk Landbruksdepartementet inn for å auke statssubsidiane mot å innføre ein felles grunnpris for mjølk. Dette innebar ei utjamning av prisane både mellom meieria innanfor dei enkelte sentralområda og mellom sentralane.<sup>106</sup>

Kjøtt- og fleskesamvirket vart vesentleg utvida. I samband med rasjoneringsordningane vart det sett forbod mot å selje slakt utan løyve. Norges Kjøtt og Fleskesentral fekk ansvar for å administrere reguleringane, og forbundet opna ei rekkje nye avdelingar utover landet.<sup>107</sup>

Innanfor frukt- og grønsaksmarknaden skjedde det ei tilsvarande utvikling. Her var marknadsreguleringane på førehand langt svakare. Gartnernes og Hagebrukernes salgslag omfatta før krigen berre fire avdelingar, i Oslo, Bergen, Kristiansand og Stavanger. I 1941 vart salslaget omorganisert til ein landsorganisasjon, Gartnerhallen, og bygt ut med fleire avdelingar. Då omsetninga av

hagebruksprodukt vart regulert og rasjonert frå 1941–1942, blant anna på grunn av store tyske oppkjøp, var det Gartnerhallen som stod for den praktiske gjennomføringa. I 1943 vart det lagt omsetningsavgift på frukt og grønsaker gjennom ei utviding av omsetningslova.<sup>108</sup>

Pelsdyrnæringa gjekk gjennom ei endå sterkare regulering. Næringa var delt i ei rekkje produsentorganisasjonar med Norges Sølvrevsavslag som det største. I 1941 samla alle seg i Norges Pelsdyrslag. Året etter vart skinnomsetninga lagd inn under omsetningslova og pålagt avgifter. Samstundes fekk alslaget monopol på all førstehandsomsetning.

Eit tilsvarande monopol fekk Norges Skogeierforbund på omsetninga av tømmer – noko som førte til ein sterk medlemsvekst i organisasjonen. Tømmermonopolet vart avskipa rett etter krigen, medan skinnmonopolet vart ståande.<sup>109</sup>

Sjølv om mange av reguleringstiltaka under okkupasjonen var grunna i den spesielle mangelsituasjonen, skjedde det likevel ei *permanent* utbygging av omsetningsordningane – i forlenging av den utviklinga som hadde skjedd i 30-åra. Samstundes vart det indre samarbeidet i samvirkerørsla styrkt. I 1941 gjekk NML, NKF og Norske Eggentraler saman i Landbrukets Opplysningsnemnd som gav ut bladet *Produsenten*.<sup>110</sup> Enkeltgrupper frå omsetningsorganisasjonane, i lag med personar frå landbruksadministrasjonen i Landbruksdepartementet og Forsyningsdepartementet, byrja også tidleg under okkupasjonen å drøfte aktuelle landbrukspolitiske spørsmål og framtida for næringa. Med utgangspunkt i desse gruppene vart det i 1944 utarbeidd skisser til ein ny topporganisasjon i jordbruket direkte skjefte på omsetningssamvirket. I desse planane, som munna ut i *Felleskontoret for Landbrukets omsetningsorganisasjoner* sommaren 1945, fekk både Bondelaget og Småbrukarlaget ei underordna stilling (sjå band II).

### *Endra vilkår for Bondelaget*

Dei økonomiske organisasjonane kunne byggje seg opp i ei tid då både Bondelaget og Småbrukarlaget låg i dvale. Okkupasjonsåra førte derfor til ei organisatorisk tyngdeforskyving i landbruket – frå dei faglege samskipnadene til samvirkeorganisasjonane. Særleg ramma denne utviklinga Bondelaget. Den gamle kongstanken om å leie ei samla organisasjonsrørsla i landbruket måtte sleppast – i alle fall i den forma ho hadde hatt i 30-åra. Under krigen var det til og med mange organisasjonspolitkarar i bonderørsla som sette spørsmålsteikn ved om Bondelaget kom til å bli atterreist – eller om det burde bli det.<sup>111</sup>

Okkupasjonen sette også Bondelaget i ei meir sårbar stilling overfor Småbrukarlaget. Sjølv om mest heile bondeorganisasjonen stod mot nazifiseringa, var den lange forhandlingsperioden hausten 1940, og det at fleire av tillits-

mennene fulgte med inn i Bondesambandet, hendingar som konkurrenten kunne utnytte. Alt i 1943 vart det frå småbrukarhald sendt eit skriv til regjeringa i London som la skulda på Bondelaget for opprettinga av Bondesambandet. «Når den tid kommer» måtte organisasjonen «gjøre klart rede for seg» før den igjen «kan bli godkjent av det norske statssamfund». <sup>112</sup> At Småbrukarlaget på si side kunne syne til ein «sterk og fast» front, gjorde det også langt lettare å reaktivisere småbrukarrørsla i 1945.

For Bondelaget innebar reaktiviseringsarbeidet utskifting både i toppleiinga og i tillitsmannssjiktet. Okkupasjonsåra hadde også andre konsekvensar for organisasjonen. Nasjonalsosialismens dyrking av bonden og bondekulturen gjorde det vanskeleg å byggje vidare på mange av dei verdiane som hadde vore grunnlag for kulturpolitikken i bonderørsla. Behovet for økonomisk atterreisning av næringa og generasjonsskiftet i organisasjonen var også med på å trenge kulturpolitikken i bakgrunnen. Krigsperioden svekkte i det heile Bondelaget som kulturrørsla. Her kan vi snakke om eit brot med mellomkrigstida. På den andre sida var det, som vi alt har sett, ein klar tendens i 30-åra til å byggje ut laget som ein effektiv fagorganisasjone rundt dei økonomiske interessekrava. Denne utviklinga fekk eit gjennombrøt i det atterreiste Bondelaget i 1945.

For å finne føresetnadene for eit nytt fagpolitisk arbeid i 1945, må vi sjå på kva vilkår jordbruket og bøndene hadde under okkupasjonen. Kva for økonomiske og sosiale konsekvensar hadde okkupasjonsåra for næringa og næringsutøvarane, og i kva grad gav åra 1940–1945 utgangspunkt for å samle bøndene om felles krav og interesser?